



Statens vegvesen

Isdal Felles

Jan Morten Dale

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/46885-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
25.05.2018

Ber om fleire opplysningar – Avkøyrsløse – Fv. 57 – Gnr. 185 bnr. 1 til 7 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 06.03.2018. Vi var på synfaring på staden 25.04.2018.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om avkøyrsløse til fv. 57 i Lindås kommune. Isdal Felles står som søkjar og planlegg ny felles skogsveg for å ta ut om lag 15 000 m³ tømmer. Det er difor behov for å opparbeide ny avkøyrsløse til fylkesvegen.

Vegvesenet si vurdering:

Vi var på synfaring 25.04.2018. Vi vurderte og kontrollerte forholda på staden.

Fylkesvegen er ein viktig hovudveg med regional og overordna lokal funksjon på vegnettet på denne strekninga, og vi legg til grunn ei streng haldning ved søknad om nye avkøyrsløser. Det er høg fart og stor trafikk på fylkesvegen. Fylkesvegen har ei viktig rolle for næringslivet på Mongstad og det er eit mål å ikkje byggje ned transportfunksjonen på denne strekninga. Vi ser det difor ikkje som ønskeleg i utgangspunktet å gje løyve til nye avkøyrsløser direkte til fylkesvegen.

Sidan Isdal felles er ein relativt stor eigedom ber vi om at det vert vurdert alternative løysingar for tilkomst til fylkesvegnettet. Vi meiner det kan vere mogleg å kople seg på om kommunalt vegnett lengre nord og lengre sør for omsøkte avkøyrsløse. Andre løysingar kan også vurderast.

Vidare saksgang:

Før vi behandlar saka ber vi ber vi Isdal felles om å vurdere alternative løysingar der ein unngår direkte avkøyrsløse til fylkesvegen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Det vil vere relevant med informasjon til søknaden kor lang driftsperiode de ser for dykk. Vi ser og i møte ei vurdering av saka frå Lindås kommune.

Ta kontakt dersom de har spørsmål knytt til saka!

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ